

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kyrkjebø herad

Emne:

Bygdelag: Berge gardane m. fl.

Oppskr. av: Anders H. Berge

Gard: Berge - " -

(adresse): Norddeide i Sogn.

G.nr. 56-57 Br.nr. fleire andre

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Både eige og andres.**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Så langt attende som i 1823 har det her i heradet vore store umskifte med omsyn til dette emne. Før utskiftingene i 1823 var det mest på kvart bruk teigeblanding i stor mun og på kvart bruk var ofte opp til 30-40 teigar. Dette gjorde sitt til at det ikkje var så lett å få avlingene derifrå så ein ofte måtte bera avlingene på ryggen heim til løhusa.

Etter at fyrste utskiftingene vart avhaldne på dei ymse bruk tok gardbrukarne til å opparbeida betre vegar, og det vart då straks lettare å koma fram med hester å få høyavlingene fram.

Frå 1830 og fram til 1870 hadde både større og mindre gardsbruk noko utmarkslåtter. Plassmennerne hadde berre ein liten jordlepp rundt husa, og dei måtte av den grunn slå mesteparten av høyet i utmarka og fram etter sjøstrenderne. Høyet førde dei i båt fram til båtnaustet. Der hadde dei trohesjar og turka høyet der. Sidan vart det bore eller køyrt heim med hesten åt husbonden.

Utløder var her lite av og dei som var vart etter kvart nedrevne. Så vitt eg veit var det ikkje ei einaste løda att i slutten av 1800 åra. Her undavteke Måregrenda i Kyrkjebø. I denne grenda var 7 plassmenner som al

2
De fekk kjøpa sine plasser av det store Då godset i Måren

"Sloe" var brukt mykje på brattlende gardsbruk til å draga høy ned til hesjerne. "Sloen" var ei grein ~~he~~gen av ein rogn eller or (older) .Dersom dei måtte bera høyet på ryggen ned til hesjerne brukte dei børetaug. Dette taug laga bønderne sjølve av lindebast og var like fine som repslagerne sine taug. På "sloen" kunde dei draga eit $\frac{1}{2}$ hestelass. "Børsvolken" var ei hogga grein av ein rogn eller or(older-) Denne grein måtte helst vera lauv på. I den enden som låg oppover var laga ei lykkja som ein kunde treda svolken inn i . Denne vart aldri brukt andre tider enn når dei ikkje hadde børetaug for handa.

Bastetauget som ein brukte til å bera høy i vart laga på den måten at det vart sett på ei trehogd som tauget skulde tredast i gjennom. Tauget vart då lagdt ned på marka og ein fengde øyet med riva og lagde det på tauget. Når ein var ferdig med børa tredde ein tauget gjennom hogda . Børa røyste ein åleine eller var det folk tilstades kunde dei hjelpa til. Taugenderne tok ein på eine skulder-Ikkje over hovedet-.Ei vanlig høybør vog 50 kg.

Arbeidet var felles. Barne var og med i arbeidet. Når ein var i utmarka og opp i fjellskorterne å slog høy hadde ein alltid med ei "rodde" som var laga av grant taug Høyet vart då lagt inn i denne og godt stoppa kunde ho røma opp til ein 200 kg. Rodderne slepte dei og den kunde rulla fleire hundrad m. om terrenget var framkomeligt. Dette var ein svert letvint måte å få høyet ned frå fjellside på.

Løypestreng var brukt i ymse grender å renna høy ned frå fjellet sameleis brukte dei å renna ved og denne måten å få det fram på er brukt den dag i dag.

,Kiper' har vore vanlig bruka til å bera høy og k

hå til griserne og kuerne. Trillebør har vanlig vore brukt til å jula fram jord og stein når dei graver ut jord til nybygg. Trillebøra har aldri vore brukt til å køyra fram gras eller annan avling. Dei vanlige trillebøre var laga med tvo stenger med tverbrett.

Fire langsgående trestaver og festet sammen ved ein tversgående stav i begge ender har aldri vore brukt her. Eg kan tenkja meg sleden med tvo meier under og tvo tverstykke med remer og sidestykke er det reidskap som har vore brukt istaden for ovannemnde reidskap. Sjå vedlagte foto. Høysleden har vore brukt her like frå 1820 og er på ymse stader framleides ibruk, der det er lite framkome ligt med hjulreidskap. Høytang har vore brukt frå dei elste tider og er framleides i bruk der høysleden er brukt

3. Høyet har aldri vore køyrt heim på vinterføre. Derimot vart lauv (bjørkelauv, ore lauv og andre lausorter) køyrt heim på vinterføre frå utløderne) men disse var so førnemnt fåe.

4. I dei siste 40 åra har hjulreidskap vore brukt å køyra høyet inn til hesjerne og heim til lødebyggnaden. Eg legg ved foto av dei ymse høyvognor. Dei siste typer er vogner med grinder, der bruker ein ikkje høytang. Høyet vert gafla opp i vogna og ein gutunge eller jentunge går opp i å trakka høyet saman. Namnet slede har aldri vore brukt om høyvogna. Her i heradet har aldri vore reglar for å få køyra med meier, avdi her aldri har vore køyrt med slede på dei vanlige bygdevegar.

På vinterføre har her frå dei elste tidor vore brukt møkesleder. Ymse av disse sleder har vore skodde med stålsjener. Sjå foto.

Same vognor vart brukte både til høykøyting og kornkøyting. I dei siste 40-50 åra har her vore gjort

2 Bl.
4,

store forbedringer både på høyvogner og høysleder. Alle høyvogner har fått grinder på sidorne -sameleis er det med slederne. Sjå foto.

Før sidegrinderne kom på vognorne og slederne ~~fx~~ fengde dei høyet og deretter vart det lagt på køyrereid skapen. Ein måtte alltid trakke i høylasset for å få større lass. Kor mange kg. der går i eit lass kjem an på kor turt det er. Me rekner som regel med 200 kg.

Det var ikkje verken før eller no noko reglar for siste lasset. Det vart alltid gjort reint for høy etter siste lasset og det same gjeld nå .

På vanlig høyslede vart lasset festa med høytang og på tvert på lasset brukte ein ein gjøring (noko sterkare taug med hogd n. Dette vart brukt som gyrdataug . Sjå foto.) Sjilnaden millom byrdatog og gyrdatog ligg i det gyrdatog var kjukkare og vart berre brukt til høysleden. Børetog vart og er framleides brukt til å bera bør på ryggen. Det har aldri her vore skilnad millom somarlass og vinterlass i forhold millom høystakken og lasse 5. Det har aldri vore brukt meir enn ein hest for høyvogna eller høysleden.

Felles slått har i dei eldre tidor og heller ikkje nå vore brukt her i bygderne. Seterslåtter kjenner me ikkje til her .

6. Som nemnt før var transport av høy om vinteren ikkje brukt. Likevel kan eg hugsa til at eindel av bøndene i Berge grenda hadde noko slåtteland på Stranda. Dette høy vart ført ut til båtnausta og turka i hesjar der og sidan innlagt i naustet. Dette høy vart om vinteren teke ut og lagdt i bører omlag 40 kg. tunge og ~~fx~~ ført ut til den opparbeide køyrevegen ved sjøen opp til gards med hestehjelp.